

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2018/437-1

Anne Sofie Bjelland Kjeka

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Levekårskomiteen	26.02.2018
	Kommunestyret	24.05.2018

Endring av skulekretsgrenser.

Innstilling frå rådmannen:

Levekårskomiteen støttar rådmannen sitt framlegg om nedlegging og endring av forskrift for følgjande skulekretsar;

1. Trå skulekrets vert lagt ned frå 01.08.18 og det vart gjort endring i forskrifta for Hatlestrand skulekrets frå same dato. Jfr vedlagt kart. Trå skulekrets kan verta oppretta att dersom elevgrunnlaget aukar og dei føresette på Varaldsøy søkjer om oppretting av eigen skulekrets.
2. Brekke skulekrets vert lagt ned frå 01.08.18, og det vert gjort endring i forskrifta for Halsnøy skulekrets frå same dato. Jfr vedlagt kart. Brekke skulekrets kan verta oppretta att dersom elevgrunnlaget aukar og dei føresette på Fjelbergøyane søkjer om oppretting av eigen skulekrets.
3. Åkra ungdomsskulekrets vert lagt ned frå 01.08.18, og forskrifta vert endra for Rosendal ungdomsskulekrets. Jfr vedlagt kart. Åkra ungdomsskulekrets kan opprettast att dersom elevgrunnlaget aukar og dei føresette i Åkra søkjer om eigen ungdomsskulekrets.
4. Felles kretsgrenser Jondal og Kvinnherad kommune vert oppheva frå 01.08.18, og elevane i Gjetingsdalen høyrer til Mauranger skulekrets frå same dato. Det vert gjort endringar av forskrifta for Mauranger skulekrets. Jfr vedlagt kart.
5. Omvikdalen skulekrets vert ikkje endra slik forskrifta legg til rette for. Omvikdalen skule vert utvida i kapasitet ved å leiga/kjøpa/byggja klasseroms- og grupperomsbrakker.
6. Skulekretsgrensa mellom Mauranger skulekrets og Malmanger skulekrets, vert endra slik at elevane som er busette på Ænes og no har Mauranger skule som nærskule får Malmanger skule til nærskule. Det vert gjort endringar i forskrifta frå 01.08.18. Jf vedlagt kart.

Levekårskomiteen sender saka til høyring til involverte partar og instansar før handsaming i kommunestyret.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Årsaka til at det kjem ei sak i høve skulekretsar i kommunen er at det har skjedd ein del endringar den siste tida som treng politiske vedtak. Dette er endringar av ulik karakter, men handlar mest om at foreldra i nokre skulekrinsar har og har hatt ynskje om at borna deira skal gå på andre skular enn den nærskulen dei høyrer til. Det handlar også svært mykje om skuleskyss og økonomiske konsekvensar for kommunen når elevane går på andre skular enn nærskulen. Det er også ei sak om kapasitetsproblem ved ein skule og spørsmål om endring av kringsgrense eller nye lokaler. Følgjande politiske vedtak i høve skulestruktur og skulekretsar i kommunen har verknad på denne saka:

Sak nr. 2015/273-66 Kommunedelplan for skulebruk 2016- 2028.

Saka vart vedteken i kommunestyret dato: 17.12.2015 0- alternativet som vart vedteke handla om at skulestrukturen skulle fortsetja uendra.

Sak nr. 2015/273 Lokal forskrift om kringsgrenser i Kvinnherad kommune. Vedlegg til kommunedelplan for skulebruk

Saka vart vedteken i kommunestyret dato: 17.12.2015. Forskrifta inneheld grunnlag for skulekretsar og rutinar for sakshandsaming av enkeltvedtak, samt kartoversyn over alle vedtekne kretsar. Forskrifta inneheld også retningsliner om kapasitet.

Sak nr 2015/25: Felles kringsgrense for Gjetingsdalen.og Jondalen

Saka vart vedteken i kommunestyret dato: 21.05.2015 og inneheld utgreiing av konsekvensar av felles kringsgrenser og avtale mellom kommunane.

Sak nr 2016/1782-1. Informasjon om grunnskule- og barnehage tilbudet på Fjelberg og Varaldsøy.

Informasjonssak til Levekårskomiteen. 30.05.2016

Informasjonssak til levekårskomiteen ang midlertidig nedlegging av skulane på Varaldsøy og Fjelberg.

Utgreiing av saka

Rådmannen vil i det følgjande greia ut og vurdera situasjonen i dei ulike skulekretsane. Ein vil her leggja vekt på å få fram;

1. bakgrunn for endringane i skulekretsane med særleg fokus på signal som har kome frå dei som har elevar i kretsen,
2. vurdering av «barns beste», og
3. tilhøve ved endringa som har verknad for den økonomiske stoda til kommunen.

I utgreiinga av denne saka er det særskild to lovparagrafar i Opplæringslova som verkar inn. § 8-1, handlar om retten til å gå på næraste skule og § 13-4 omhandlar organiseringa av skuleskyss og ansvaret til Fylkesmannen ved usemje.

§ 8-1. Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til
- b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning
- c) varigheita på avtalen
- d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og
- e) anna som etter lov krev avtale.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

§ 13-4. Ansvar for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. [Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne.]¹ Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølge og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

Trå skulekrets

Foreldra på Varaldsøy søkte våren 2016 om at borna skulle få opplæringa ved Hatlestrand skule (Nordsida oppvekstsenter). Dei argumenterte i søknadane sine med få elevar på Trå skule og ynskje om breiare sosialt miljø. Skulevegen frå Varaldsøy til Hatlestrand er både lang og komplisert for mange. Deler av vegstrekninga er prega av smale vegar, fare for ras og kryssing av fjord med ferje. Det vart difor lagt opp til eit skuleskyssopplegg der dei yngste borna (1. – 4. trinnet) fekk skuleskyss frå heimen til skulen på Hatlestrand. Elevane sit i minibussen under overfart og er såleis trygge for trafikk både om bord og av ferja.

Skulekretsen vart midlertidig lagt ned og borna fekk Hatlestrand skule som midlertidig nærskule. Det er fylkeskommunen sitt ansvar å skaffe skuleskyss til elevane og kommunen dekkjer berre kostnader med vanleg buss- og ferje-bilett. Det synest som om denne ordninga har vore positiv for borna og at små praktiske utfordringar som meldte seg i starten har vorte løyste etter kvart. Grunnen til at forslaget om endring nå kjem opp er at fylkeskommunen har gitt signal om at dei kan koma til å fakturera kommunen for heile skyss- kostnaden dersom kommunen si forskrift om skulekretsar ikkje er formelt på plass. No betaler kommunen for vanleg buss-bilett for elevane og ikkje for det som minibuss/taxi kostar.

I vurderinga av kva som er det beste skuletilbodet til elevane på Varaldsøy, har ein først og fremst dilemmaet mellom skulevegen og det sosiale nettverket. For dei elevane som bur lengst borte frå ferjekaien (Haukås) er skulevegen lang til Hatlestrand skule, i tillegg kompliserer og forlenger ferjeovergangen skulevegen. Borna får på den andre sida fleire klassekameratar, fleire vener å velja i, fleire vaksne rollefigurar og ein større skule med spesialrom som idrettshall og symjebasseng på Hatlestrand skule.

Dei økonomiske verknadane av vedtaket med å leggja ned Trå skule er ei innsparing av kostnader for kommunen, sjølv om skysskostnadene er høge i og med at Kvinnherad kommune betaler for

minibussen på ferja. Vurderingane bak dette tiltaket er at det ikkje vil vera forsvarleg å overlata små barn (frå 5 år) til seg sjølv med dei utfordringane som ligg i stor trafikk av og på ferjekaiane på Varaldsøy og Hatlestrand.

Brekke skulekrets

I 2015 var det to elevar att på 1. – 4. trinnet på Brekke skule på Fjelberg. Dei fekk då tilbod om skulegang på Halsnøy skule. I førstninga vart det ordna med ein tilsett som følgde elevane på kaien og på ferja. Dette vart i samarbeid med dei føresette avslutta etter ein periode. Det vart då ordna med buss-skur på kaien på Sydnes.

Brekke skulekrets vart midlertidig lagt ned og borna fekk Halsnøy skule som midlertidig nærskule. Det er fylkeskommunen sitt ansvar å skaffe skuleskyss til elevane og kommunen dekker berre kostnader med vanleg buss- og ferje-bilett. Det synest som om ordninga med Halsnøy skule som nærskule har vore positiv for borna og at praktiske utfordringar som har meldt seg har vorte løyste etter kvart. Det har ved eit par høve vore problem med at hurtigbåten som hentar elevane på Sydnes kai, ikkje har kome og elevane har gått på kaien å venta. Det er no ein avtale som legg til grunn at buss-sjåføren ikkje skal sleppe elevane ut av bussen før hurtigbåten er ved kai. Det er også verd å nemna her at bru mellom Fjelbergøyane og Halsnøy ville kunna gje store innsparingar i reisetid for elevane, samstundes som dei også ville få ein mykje tryggare skuleveg.

I vurderinga av kva som er det beste skuletilbodet til elevane frå Fjelbergøyane, har ein først og fremst dilemmaet mellom skulevegen og det sosiale nettverket. For dei elevane som bur lengst borte frå ferjekaien (Aksdal) er skulevegen lang til Halsnøy skule, i tillegg kompliserer og forlenger ferjeovergangen/hurtigbåten skulevegen. Borna får på den andre sida fleire klassekameratar, fleire vener å velja i, fleire vaksne rollefigurar og ein større skule med spesialrom, som idrettshall, på Halsnøy skule.

Åkra ungdomsskulekrets

Det kan sjå ut for at dei fleste elevane som går på 8. – 10. trinnet ved Åkra skule nå ynskjer skulegang ved Rosendal ungdomsskule. Rett før sommaren 2017, søkte fleire av elevane på ungdomstrinnet skulegang ved skulane i Rosendal og Husnes. Hovudargumentet hjå dei fleste var ynskje om større sosialt miljø. I sakshandsaminga i slike saker vert det med skulemiljø og sosiale tilhøve lagt særleg vekt på. Utfordringane med desse søknadane var skuleskyssen. Det var ikkje noko buss-tilbod frå Åkra som elevane kunne gjera seg nytte av, og føresette måtte såleis delvis ordna skyssen sjølve. Dersom ungdomsskulekretsen i Åkra vert lagt ned og elevane på ungdomstrinnet har Rosendal som skulekrets, vil fylkeskommunen måtte setje opp skulebuss til /frå Åkra og kommunen skal betala vanleg busstakst.

Inneverande skuleår har fleire av elevane som er att på ungdomstrinnet gitt uttrykk for at dei også ynskjer å gå på ein større skule. Rådmannen rår difor til at ungdomstrinnet i Åkra vert lagt ned slik at det også ordnar seg med skuleskyss for elevane.

I vurderinga av kva som er det beste skuletilbodet for elevane på ungdomstrinnet på Åkra skule, har ein først og fremst dilemmaet mellom skulevegen og det sosiale nettverket. Elevane som bur i Åkra vil få ein lang og kronglete skuleveg. På nokre strekningar kan det vera fare for ras og på ei strekning er ein fjellovergang der det kan vera vanskelege køyretilhøve med snø og is om vinteren. Ungdomane får på den andre sida fleire klassekameratar, fleire vener å velja i, fleire vaksne rollefigurar og ein ny skulebygning med fleire spesialrom og basseng på Rosendal ungdomsskule. Det kan også bli lettare for elevane å delta i fritidsaktivitetar om Rosendal. Det kan kanskje vera naturleg å tenkja tilrettelegging med opphaldsrom dei dagane elevane skal delta på fritidsaktivitetar slik at dei ikkje treng å reisa heim før aktivitetane startar i Rosendal.

Felles kretsgrense for Gjetingsdalen mellom Kvinnherad og Jondal kommunar.

Kommunestyret har tidlegare vedteke felles kretsgrense mellom Kvinnherad og Jondal kommunar for elevane i Gjetingsdalen. I utgreiing av saka låg det til grunn at Jondalen skule skulle vera nærskule for elevane i Gjetingsdalen. Det er då fylkeskommunen som skal dekkja skyssutgiftene utover busstakst. Før endringa av kretsgrensa var Mauranger skule i Sundal nærskulen til elevane i Gjetingsdalen. Ei av årsakene til at foreldra i Gjetingsdalen ynskte at borna deira skulle gå i Jondal var skulevegen. Vegen mellom Nordrepollen og Austrepollen i Mauranger er utsett for ras, og føresette ønskte at borna deira skulle gå i Jondalen heile skuletida. Rosendal ungdomsskule er

nærskulen deira når dei skal på ungdomstrinnet. Dette er ein lang skuleveg med stor fare for ras. Saka var til høyring både hjå Fylkesmannen og i Fylkeskommunen før politisk handsaming. Då det ikkje kom innspel i høyringa vart saka tilrådd for politikarane. Etter to år har fylkeskommunen no teke kontakt med Kvinnherad kommunen i ein epost og krev at kommunen tek heile kostnaden med skuleskyssen til frå Gjetingsdalen. I eposten syner dei til eit avsnitt i eit brev frå Udir til fylkesmannen i Buskerud, som definerer kva som ligg i prinsippet om nærskule. (Brev til fylkesmannen i Buskerud frå Udir – Nærare utgreiing av nærskuleprinsippet for distriktskommunar) I brevet frå fylkeskommunen til Kvinnherad kommune vart det ikkje synt til neste avsnitt i same rundskrivet som seier at det i distriktskommunar kan leggjast topografiske tilhøve til grunn for å definera nærskule som annan skule enn den som ligg geografisk nærast. Om fylkeskommunen ikkje vil gå tilbake på standpunktet sitt, har kommunestyret i Kvinnherad blitt feilinformert om skyssutgifter til elevane i Gjetingsdalen og rådmannen må derfor ta denne saka opp att med korrekte økonomiske konsekvensar.

I vurderinga av kva som er det beste skuletilbodet for elevane frå Gjetingsdalen, er det fleire omsyn å ta. Elevane sin nærskule er ut frå fylkeskommunen si tolking Mauranger skule. Føresette til elevane meiner at eit skuletilbod i Mauranger med farleg skuleveg, eit skuletilbod utan SFO, skulefri ein dag i veka og eit magert fritidstilbod, klart fører til at Jondalen er det beste for deira born. Her må ein også ta omsyn til at elevane allereie har starta i Jondalen og om ein gjer om skulekretsgransene får dei skifte av skule. Elevane har funne seg godt til rette i Jondalen og det er tydeleg ikkje det beste for dei å flytta.

Dersom Kvinnherad kommune endrar felles kretsgrenser mellom Jondal og Kvinnherad, og vel å flytte elevane til nærskulen som då blir Mauranger, vil fylkeskommunen få mest same utgiftene som dei har når elevane går i Jondal. Dei må setja opp taxi til Gjetingsdalen og kommunen vil bli økonomisk belasta vanleg buss-billett.

Det er viktig å merka seg at denne saka kan bli løyst i næraste framtid. Kommunen har teke kontakt med Skyss og bede dei om å endra vedtaket sitt og at kommunen får refundert skysskostnadane for haust 2017. Dersom dette ikkje skjer vil kommunen ta saka vidare til Fylkesmannen som i følgje lova er den som tek avgjerd i saker med slik usemje. (Oppl §13-4)

Når saka no går til politisk handsaming saman med andre saker som gjeld skulekretsgrenser er det fordi det er strenge krav til sakshandsaminga. Saka vert difor sendt til høyring saman med dei andre endringane som rådmannen tilrår. I denne prosessen kan saka få ei løysing.

Omvikdalen skulekrets

Omvikdalen skule har hatt auke i elevtal dei siste åra og denne auken vil fortsetja dei komande åra. Skulen har kapasitetsproblem og kan bli definert som full. Elevtalet vil auka til 99 elevar og i tillegg til trongen for større og fleire klasserom, vil det vera trong for spesialrom til undervisning. Bygget til Omvikdalen skule er gammalt og lite tilpassa moderne skuledrift. Skulen er likevel ein populær skule som føresette og heile bygda støttar opp om. Forskrift om skulekretsar i Kvinnherad kommune legg opp til at elevane kan gå på andre skular enn nærskulen når det oppstår kapasitetsproblem. I området rundt Lundssvingane har det vore naboar som går til ulike skular. Nokre går til Omvikdalen og andre går til Malmanger. Avstanden mellom skulane i Omvikdalen og Malmanger er liten. Rådmannen kan sjå for seg tre løysingar på kapasitetsproblemet.

1. Det vert leigt/kjøpt inn to klasseromsbrakker og ei grupperomsbrakke som er knytte til vatn og avlaup nær opp til skulen. Brakkene står så lenge det er trong for dei. Kostnadskalkyle for oppføring av eit permanent bygg er Kr 1.8 mill. Leigeavtale med firma som leiger ut tilsvarende modular må gå over 5 år. Leigeprisen 1,45 mill for 5 år.
2. Det vert endra kretsgrenser grunna kapasitetsproblem. Elevane som bur i Lundsneset har nå fått betre skuleveg til Malmanger skule enn til Omvikdalen skule. Det er gang og sykkelveg heile vegen her. Det er 12 – 13 elevar som bur i dette området som går på Omvikdalen skule dei næraste åra. Desse elevane kan gå inn i klassar ved Malmanger skule utan at klassetalet vert endra. Forskrifta for kretsgrenser for Kvinnherad kommune opnar opp for at slike vurderingar kan takast dersom ein skule med bakgrunn i utfordringar av kapasitet vert definert som full.

3. 7. trinnet ved Omvikdalen skule vert flytta over til Malmanger skule. Ved Malmanger skule ville det då frå hausten 2018 blitt 24 elevar på 7. trinnet. Desse elevane skal gå saman på ungdomstrinnet på Rosendal ungdomsskule frå skuleåret etter.

På sikt kan det vera aktuelt å ta dei to bygdene med på råd om det kunne vore aktuelt å få ein ny felles skule for heile området ein eller annan stad i mellom Omvikdalen og Rosendal. Rådmannen ser for seg at tida kanskje ikkje er moden for det no, og legg såleis fram eit forslag til vedtak om at kommunen leiger/kjøper brakker til Omvikdalen skule.

Malmanger og Mauranger skulekretsar

Elevane som bur på Ænes har dei siste åra søkt om å få gå på Malmanger skule. Det er Mauranger skule som er nærskule. Årsaka til at elevane ynskjer Malmanger skule er at det er fare for ras på skulevegen dei har til Sundal. Det sosiale miljøet er også større på Malmanger skule. I følgje rundskrivet frå udir til fylkesmannen i Buskerud, kan distriktskommunar ta omsyn til topografiske tilhøve som elvar og rasfarlege vegar når ein fastset nærskule.

Barn sitt beste i denne saka blir vurdert slik at det først og fremst er viktig å sikre barn sitt liv og helse i skulen og på skulevegen. Det ser ut for at dei føresette på Ænes føretrekkjer å bruka Malmanger skule og rådmannen går difor inn for å endra kretsgrensa i dette området.

Økonomisk konsekvens:

- Kostnadskalkyle for oppføring av eit permanent bygg/paviljong ved Omvikdalen skule er Kr 1.8 mill. Leigeavtale med firma som leiger ut tilsvarande modular må gå over 5 år. Leigeprisen 1,45 mill for 5 år. Desse kostnadane kan ein spara med å leggja 7. trinnet til Malmanger skule. Det ville ikkje løyst ut kostnader med ekstra klasse ved Malmanger skule.
- Dersom elevane går på nærskulen betaler kommunen normal busstakst for elevane sjølv om Skyss må setja opp eigne bussruter eller taxi for å få gjennomført skuleskyssen. Når eleven etter søknad får vedtak om å gå på annan skule enn nærskulen, må kommunen ta heile kostnaden for det som transporten kostar.

Miljømessig konsekvens:

Vedlegg: